



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Deres ref
200603628-/LJE

Vår ref
2010/2375-HIB

Dato
31.05.2010

Framlegg til landsverneplan for Kunnskapsdepartementet – merknadar frå Universitetet i Bergen

Vi viser til brev datert 23.02.2010. Kunnskapsdepartementet ber Universitetet i Bergen om å gje sine merknadar og innspel til landsverneplanen for departementet.

Universitetet i Bergen har lese planen med stor interesse. Vi har henta inn merknadar frå Eigedomsavdelinga og fagmiljøet for bygningsvern, og vi har hatt drøftingsmøte med fakulteta og med avdelingar. Vi har også vurdert moglege konsekvensar av planen for UiB som eigedomsforvaltar og eigedomsutviklar.

Vi vil særleg understreka universitetseigedomane sin rolle i historisk samanheng og for nasjonalbygginga. Universitetet i Bergen har i så måte viktige bygningar, fram for alt i det monumentale museumsbygget, Muséplass 3. Vi er samde i at arbeidet med landsverneplanen må prioriterast etter eigedomane sine kulturelle og økonomiske verdi.

Vi merkar oss at Universitetet i Bergen har svært mange bygg med i landsverneplanen. Vi er positive til og stolte av at vi har så mange bygg har ein viktig historisk verdi nasjonalt. Ut frå høyringsforslaget vi få verneklassifisert 42% av bygga våre. Dette heng opplagt saman med at universitetet har mange og gamle bygg i sentrum av byen, like fullt er det ei utfordring for vår institusjon at vi har så mange bygg som vert verneklassifisert.

I dette brevet gjev vi ikkje melding om faktafeil, slike vert gjeve i eit eige brev til Statsbygg.

Utval og omfang

Vi merkar oss at formålet med landsverneplanen er å bevare eit representativt utval statlege eigedomar som kan dokumentere viktige sider av staten si verksemd, eller formelt freda bygningar og anlegg som av andre grunnar har høg verneverdi. Det er med utgangspunkt i dette formålet vi vil kommentere utval bygg og anlegg ved universitetet i planen. Det har vore god dialog med Statsbygg i arbeidet registreringar og i arbeidet med utvalet. Det er likevel nokre val vi stiller spørsmål ved og ynskjer vert vurdert på ny:

Parkvn 9 Kompleks 3382, Bygning 10253

Universitetet ynskjer å ta denne bygningen ut av landsverneplanen. Grunngevinga for vårt ynskje er at bygningen berre har vore i UiB si eige sidan 1993, og vi kan difor ikkje sjå at bygget representerer ein viktig bygning i universitetshistoria. Vi kan heller ikkje sjå at kriteriet om at utvalet skal vere "eksklusiv" er tilstades for dette bygget. Innvendig har bygget vore ombygd fleire gonger, og det er i dag eit moderne kontorbygg. I fyrste etasje kan ein sjå noko av den opphavlege romstrukturen, himlingane og hovudtrapperommet er intakte. Villaen har

staseleg eksteriør, men etter vår meining er den ikkje eksklusiv for området. Andre bygningar i området er med i planen, som Villaveien 9, Museplass 1 og Christiesgt 19.

Jahnebakken 3 og 5 Kompleks 3360, Bygning 10206, 10207

Universitetet ynskjer at vern av midtkorridorane i alle etasjar vert tatt bort. Midtkorridorane vart moderniserte på slutten av 1970-talet. Himlingane vart senka og det vart lagt golvbelegg på betong (avretningsmasse). Vi er i skisseprosjektfasen for ei modernisering og ombygging av Jahnebakken 5. Vern av midtkorridorane legg svært sterke føringar for moglegheitene til gode løysingar for å tilfredsstillast krava til romstruktur for moderne forskarmiljø, som gjer det naudsynt å kunne opne opp til korridorar i nokre soner. Ved ei ombygging er det eit ynskje om å sanere materialane frå ombygginga på slutten av 1970-talet.

Tingviken Kompleks 3394

Universitetet ynskjer å ta inn den historiske parken som verneklasse 1 i landsverneplanen. Bakgrunn for ynskjet er at heradet, etter vår vurdering ikkje i tilstrekkeleg grad har vist omsyn til verneverdien til denne historiske parken. I 2006 kom det forslag om å legge til rette for veg langs sjøen, toalett og anna infrastruktur for å auka bruken av området. Universitetet var og er sterkt i mot eit slikt forslag. Dette byggjer på at vi åra har erfart ein del tilfeller av hærverk og uveitug bruk av eld både ved sjøen og ved husa. UiB har alltid tillete at området vert brukt til bading og anna rekreasjon, men det er trong for å tydeleg kunne kommunisere verneverdien av området til herad og brukarane. Det menier vi eit vern kan bidra til. I reguleringsarbeidet i 2006 var det kontakt med Riksantikvaren, og det ble vist til at Firenze-charteret av 1982 måtte fylgjast. Med grunngjeving i det same charteret ber vi no om at den historiske parken vert verna.

HF-bygget Kompleks 9900489 Bygning 10257

Universitetet ynskjer å innlemma HF-bygget som verneklasse 2 i landsverneplanen. Grunngjevinga for vårt ynskje er at anlegget, som er teikna av arkitektane Helland-Hansen og Lied, fortel ein viktig institusjons- og byplanhistorie. Sjølv bygget representerer ideal som sto sterkt i norsk byplanlegging i samtida. Kunsthistorikar Siri Skjold Lexau ved UiB beskriv korleis HF-bygget fortel ei UiB-historie ved å vere del av visjonane for ein heilskapleg campus, med utnytting av heile Nygårdshøyden vart planlagt i 1963. Etter planen skulle det reisast høghus på denne delen av Nygårdshøyden og lågare bygningar i nord. HF-bygget er utforma i samsvar med desse planane. Arkitektane sin plan for HF-bygget innebar vern av kulturlandskapet og bygningen på Fastings Minde (kompleks 3378, bygning 10256). I eit arkitekturhistorisk perspektiv har dette gjeve eit særst interessant campus-landskap mellom Historisk Museum, Sjøfartsmuseet, Fastings Minde, Universitetsbiblioteket og HF-bygget.

Konsekvensar for drift

Erfaringa viser at det er krevjande å drifte kulturhistoriske bygg. Når bygg ikkje kan vedlikehaldast med dagens løysingar og produkt, kan driftsoppgåver ta lengre tid og det kan vere vanskeleg å skaffe riktig produkt eller handverkarar med riktig kompetanse. Men det kan og vere tidskrevjande med kravet om spesielle godkjenningar og søkjeprosessar for å løyse drifts-/vedlikehaldsoppgåver. Det er også krevjande å implementera krava til sikkerheit, som tilgangskontroll og automatiske dørøpnarar på gamle tredører i verna inngangsparti. Ein del av driftspersonalet har gjennom erfaring tileigna seg kunnskap om drifting av verneverdige bygg. Det er likevel trong for systematisk opplæring og kurs i fagfeltet.

Konsekvensar for gjennomføring av ombyggingar

Ved universitetet er det til ei kvar tid høg aktivitet og mange ombyggingsprosjekt samstundes. Det er viktig at fysiske tilretteleggingar skjer fort og med god framdrift. Godkjenninga av eit tiltak frå vernemyndigheiter skal vere på plass før byggesøknad kan sendast til kommunen. Vern kan framtidige saker forlenga prosjektida. Vi er glade for at

departementet i avsnittet "Følger av verneplanen"(s 3) skriv at landsverneplanen "vil bidra til enklere og mer forutsigbar samhandling med kulturminnemyndighetene."

Våre erfaringar med samarbeid med Riksantikvaren er positive. Vi har opplevd konstruktive prosessar med god dialog. Men det omfattande vernet som landsverneplanane for alle statens sektorar representerer, kan gje nye utfordringar. Universitetet i Bergen vil no måtta rådføre oss og søkje om godkjenning for fleire tiltak enn før. Det same trur vi gjeld dei fleste andre institusjonar. Vi er difor uroa for sakshandsamingstida hos vernemyndigheiter og ber om at ei enklare og meir føreseieleg sakshandsamingstid og må verte prioritert.

Økonomiske konsekvensar

Universitetet sin store part av bygg i landsverneplanen vil gje utfordringar knytt til kostnader som høgare vedlikehaldsutgifter, mindre arealeffektivitet, høgare energikostnader og høgare prosjektkostnader. Det har ikkje vore tid til å gjere konkrete økonomiske vurderingar i samband med høyringa, men vil peike på at økonomiske konsekvensar må utgreiast.

Den store delen bygg med verneklasse, vil krevje meir kompetanse for drift og forvaltning av våre eigedommar. Det er svært viktig at departementet gjev rammer som speglar økonomiske konsekvensar av vernet.

Samandrag

- Universitetet i Bergen ber om at våre innspel knytt til eigedomane Parkveien 9, Jahnebakken 3 og 5, Tingviken og HF-bygget vert tatt til følgje.
- Vi understrekar verdien av at Departementet implementerar landsverneplanen og tilhøyrande vernetank i den daglege forvaltninga av kunnskapsdepartementet sine bygg, og vil foreslå at det vert etablert ein kunnskapsbank som kan stå til teneste med kompetanseheving for driftspersonell og prosjektleiarar, samt bidra med rådgjeving inn i små og større byggeprosjekt.
- Vi ber om at departementet følgjer opp forventningane som vert gjeve i planen om at vern gjennom landsverneplanen skal gje enklare og meir føreseieleg sakshandsaming hos kulturminnemyndighetene. Det er viktig at dette punktet vert følgt opp med konkrete tiltak som prosedyrar og tidsfristar.
- For å oppfylle ambisjonane i landsverneplanen er det avgjerande at framtidige løyvingar til Universitetet i Bergen vert justert og gjenspeglar institusjonen sitt store utval bygg i landsverneplanen.

Universitetet i Bergen er samd i at arbeidet med landsverneplanen må prioriterast ut frå eigedomane sine kulturelle og økonomiske verdi, og vi vil særleg understreka universitetseigedomane sin rolle i historisk samanheng og for nasjonalbygginga. Vi ser fram til vidare samarbeid om dette viktige temaet. Samstundes vil vi streke under føresetnaden om at landsverneplanen "vil bidra til enklere og mer forutsigbar samhandling med kulturminnemyndighetene".



Sigmund Grønmo
rektor



Kari Tove Elvbakken
universitetsdirektør